

Gode beredskapsplanar hos Eidsvik

06.11.2011

Eidsvik Skipsbyggeri har gode beredskapsplanar, prosedyrar og branninstruksar for eige og innleid personell. Dette blir slege fast i rapporten som er sendt verksemda etter tilsyn av brannvernet i slutten av oktober.

Internkontrollen er under revisjon og det er bra at verksemda jobbar med ein slik revisjon. Det tyder på at Eidsvik er oppteken av å trrygga arbeidsmiljøet på ein best mogeleg måte, skriv Øvind Ousdal som er avdelingsleiar for førebyggande.

Arbeidet med kontroll av gassanlegget er i gong og ein ventar på rapport av ekstreme verksemder.

Oksygen, acetylen og propan lagrast som tidlegare på felles plass med relativt liten avstand mellom dei ulike gassane. Her må sin sjå på om vald løysing stettar krava i lov og forskrift.

Branndokumentasjonen var ikkje samla. Det er brannvernsleiar sin oppgåve å ha oversikt over kva dokumentasjon som er naudsynt å oppbevara.

Av Ola Matti Mathisen